


Oppfølging av elevar som skårar under oppfølgingsgrensa i lesing:

Å byggje bruer: Å hjelpe eleven over det vanskelege og inn i teksten

Kva tyder resultatvisinga?

Prøva Les_3 måler fire område:

- språkforståing
- ordlesing
- staving (ordskriving)
- forståing av setningar og tekstar



Figuren viser dei områda knytte til lesing som prøva måler. Figuren viser også at desse områda til saman ikkje dekkjer alt vi kallar lesing. Til dømes blir ikkje motivasjon for lesing målt i denne prøva, sjølv om det er ein viktig faktor for leseutviklinga til elevane. Figuren er altså ikkje ein teoretisk modell av kva lesing er.

Resultat blir berre viste for det eller dei områda der eleven er mellom dei 20 % lågast presterande.

Oppfølgingsgrensa på 20 % er sett ut frå utprøvingar i eit stort utval norske tredjeklassar; ho byggjer altså ikkje på den prosentvise fordelinga i klassen din.

Korleis kan prøveresultat nyttast i gode tiltak?

Lesing er ein heilskap som viser seg best i leseflyt. Dei områda vi måler i LES_3, har innverknad på i kva grad eleven kan tolke og lese tekstar med flyt. For å kunne lese med flyt må du ha forstått meininga i teksten. Same kva for eit område eleven kjem under oppfølgingsgrensa på, vil det derfor vere aktuelt å gå til *Bruer inn i teksten*-opplegget (sjå under), som legg vekt på denne heilskapen. Samtidig må du ha eit særskilt blikk for dei områda eleven presterte under oppfølgingsgrensa på.

Altså, viss eleven presterer lågt på staving eller ordlesing, må du gi dette området litt meir rom når de arbeider med lesing. Hugs at mens andre elevar i klassen gjerne berre treng eit par øvingar på å innarbeide ein ny arbeidsmåte, treng elevar som strevar med lesing, kanskje så mange som 10 repetisjonar – berre for å innarbeide ein bestemt arbeidsmåte. Eleven kan få meir motivasjon for lesing ved å arbeide med avgrensa tekstar og jobbe med dei mange gonger, med ulikt fokus. Interessante tekstar som vekker eleven sin motivasjon, er ein nødvendig inngangsport.

Hugs også at resultatvisinga (side XX) gjer det mogleg å sjå kva oppgåver eleven fekk til og ikkje, noko som kan gi deg meir presis informasjon om kva eleven får til akkurat no. Sidan elevane følgjer ulike stiar gjennom prøva etter korleis dei presterer, gir desse oppgåvene meir informasjon enn ei prøve som er lik for alle, fordi oppgåvene her er betre tilpassa det lesaren kan få til.

Nyare tilnærmingar til lesing legg vekt på at ein må gi meningsfull, god og intensiv opplæring til dei som strevar, og ta utgangspunkt i gode og meningsfulle tekstar i dette arbeidet. Ved å modellere ekstra tydeleg og gjere synleg arbeidsmåtar/strategiar for å lese vanskelege ord, gir vi eleven verktøy for å forstå teksten.

Sjekk om elevane har sikker bokstavkunnskap

For elevar som skårar under oppfølgingsgrensa i ordlesing og staving, bør ein først og fremst undersøke om eleven kan alle bokstavane. Her kan du bruke Lesesenteret si bokstavprøve eller på annan måte sjekke om elevane kan kjenne igjen, hugse og skrive bokstavane og bruke denne kunnskapen når dei les ord. Området som lyser opp, fortel deg kva du skal legge særleg vekt på, eller gi litt større rom, i opplegget.

Å byggje bruer inn i teksten. Fem kort

Skriv ut og ha dei fem *Å byggje bruer inn i teksten*-korta tilgjengelege når du skal arbeide med tekstar i klasserommet. Dei fem korta er ei støtte for deg i å modellere strategiar eller metodar elevane kan bruke for å forstå teksten betre. Korta er til deg som lærar og skal ikkje delast ut til elevane. Arbeid med kvart av dei fem korta sikrar at de jobbar med dei fire områda i prøva. *Å byggje bruer inn i teksten*-opplegget byggjer på lese- og motivasjonsforskarer John Guthrie si tilnærming til engasjerande leseopplæring for tredjeklassingar som blir hengande etter i lesing (Guthrie, 2004).¹

¹ Bruken av opplegget er avklara med forfattaren, og løyvet er gitt med føresetnad av at publikasjonen og opphavsmannen blir eksplisitt kreditert. Guthrie, J. T. (2004). Differentiating instruction for struggling readers within the CORI classroom. In *Motivating reading comprehension* (pp. 173–193). Routledge.

Dei to første korta handlar om å hjelpe eleven til å lese meir samanhengande, og fokuserer på modellering av leseflyt og kva elevane skal gjere når dei møter vanskelege ord i tekstane dei les:

- Leseflyt
- Å lese vanskelege ord

Dei tre neste korta viser korleis du kan modellere gode lesestrategiar elevane kan bruke for å forstå tekstane dei les:

- Aktivering av bakgrunnskunnskap
- Å stille spørsmål til teksten
- Å summere opp teksten

Ei typisk økt i *Bruer inn i teksten*-opplegget inneheld både modellering av leseflyt (grøne kort) og arbeid med lesestrategiar (blå kort). Opplegget byggjer på motivasjonsforskaren John Guthrie si tilnærming til arbeid med å støtte elevar som strevar med lesing, og er her brukt og tilpassa med løyve frå forfattaren.

Leseflyt-brua

I denne delen modellerer lærar leseflyt ved å lese saman med eleven, ved å lese teksten fleire gonger, ved å lese på ulike måtar, ved å få det til å høyrast interessant ut og ved å kople enkeltord til lengre frasar, setningar og tekstbolkar.

Forslag til gode spørsmål:

1. Kva ord gjorde teksten *interessant*?
2. Sei to ord som gjorde teksten *uttrykksfull*.
3. Kor i teksten las vi *sakte*, og korleis gjorde det teksten betre?
4. Kva ord las vi *høgast*, og kva gjorde det med teksten?
5. Kva følte du då vi las?
6. Kan du få denne setninga (eller dette avsnittet) til å høyrast annleis ut? Korleis vil du gjere det?
7. Kva vil den som lytta til lesinga, tenke at denne setninga eller teksten tyder? Korleis hjelpte måten du las på, med å fortelje dette?
8. Kan du lese dette slik at det høyrast mykje meir kjedeleg ut enn då vi las? Korleis vil du gjere det?
9. Kan denne setninga få ei heilt anna mening viss vi les ho på ein annan måte?

Teiknsetting: Er det nokon som veit kva for eit teikn dette er?

Døme: Det er eit spørjeteikn. Korleis må vi lese då?

? Toneleiet går opp i slutten av setninga

! Toneleiet går rett fram

. Toneleiet går ned

, Vi tek ein liten pause i lesinga.

Å lese vanskelege ord-brua

Under har vi lista opp dei vanlegaste utfordringane elevar har i møte med tekst. Det kan vere lurt å lese gjennom lista før de arbeider med ein ny tekst. At lærar først eksplisitt viser og modellerer for så å late eleven trene på det som er vanskeleg, gir ofte gode resultat. Det er viktig at elevane får denne treninga i arbeid med interessante tekstar der lesing og skriving blir brukt til noko meningsfylt.

Dette er tiltak som passar like godt ein-til-ein som i rettleidd lesing, tekstarbeid i klassen og i lesing i ulike fag. Vel gjerne ut eitt eller to av punkta under, og modeller eksplisitt kvar gong de jobbar med ein tekst i heil klasse. Hugs at dette kan vere svært korte økter.

- **Dobbel konsonant:** Vis, forklar og gjer elevane bevisste på at dobbel konsonant berre betyr at lyden framfor skal vere kort. Lat elevane få lese enkle ordpar med og utan dobbel konsonant (bil – bille, sus – suss, rote – rotte, fin – finn) Tips: bruk ordpara til å lage memory-spel.
- **Stumme bokstavar:** Lat eleven lese ordet slik det blir sagt i vanleg tale. Kva for ord som har stumme bokstavar varierer i ulike dialekter. Forklar elevane at «t» eller «d» til slutt i ord ofte ikkje gir lyd (det, hund, sand og så vidare) Her oppmodar vi lærarane til å gjere lokale tilpassingar til øvingar på slike ord, slik at dei vert relevante for elevane.
- **Diftongar (ei, au, øy, ai, oi, ai):** Forklar og vis elevane at når dei møter desse diftongane, skal dei ikkje lesast bokstav for bokstav, men som *ein* lyd. Lat elevane møte ord som «auge», «øyre», «høyre» og «køyre», og bruk dei i meningsfulle samanhengar, skriftleg og munnleg.
- **Ord med -ng-lyd:** I mange dialekter vert -ng-lyden uttala mjukt, medan lyden vert uttala med tydeleg -g-lyd i andre dialekter. Særleg gjeld dette i ein del område der elevane skriv nynorsk. Vi oppmodar læraren om å gjere lokale tilpassingar for meningsfulle øvingar.
- **Spørjeord:** På bokmål kan hv-lyden vere vanskeleg å lese, medan på nynorsk startar mange spørjeord på k eller kv (korleis, kva, kven, kvifor). Nokre elevar har behov for mengdetrening i desse orda. Nokre av spørjeorda skil seg frå dialektuttalen, og det er derfor nyttig at læraren modellerer, og at elevane får skrive spørsmål til kvarandre.

- **Ord som begynner på skj, kj eller sj ...**
- **Ord som begynner med tre konsonantar som str, skr...**
Desse orda kan vere nyttige å stoppe opp og snakke om og øve på.

- **E har nokre gonger lyden /æ/ (dette er også dialektavhengig):**
- Det står /der/ men vi seier /dær/
- Det står /her/ men vi seier /hær/

Fleire tips for å styrke ordlesinga til elevane:

- **Eg, deg, meg.** Det er mange dialekter som uttalar personleg pronomeren annleis enn slik vi skriv, både om vi skriv bokmål og nynorsk.
- Når /o/ og /i/ står saman seier vi /åj/
- Ord som «det» og «som» treng elevane å øve på ofte. Slike ord er ofte enkle å lære om elevane får skrive orda i setningar.
- Studer gjerne bokstavmønster i ord (likar, hinkar) Kva er likt med slike mønster?
- Å samanlikne ord som er nesten like (is – fis, lam – lama, sel – esel) kan fremje ordgjenkjenning og vise at det er viktig å lese nøyaktig.
- Skriv opp ord som begynner med hj-, og øv på å lese dei (hjerne, hjelp). Forklar elevane at /hj/ i starten av ord alltid blir uttala /j/.
- Snakk saman om korte ord som ofte blir sette saman til lange ord (ispinne, brunost, lastebil).

Aktivering av bakgrunnskunnskap-brua

Lærer modellerer aktivering av bakgrunnskunnskap ved å dvele ved framsida av boka eller illustrasjonen til teksten. Få fram korleis det å tenkje over tittel og illustrasjon er med på å hjelpe oss å forstå det vi les.

Forslag til gode arbeidsmåtar:

1. Sjå på framsida av boka eller illustrasjonen til teksten. Studer bileta.
2. Kva trur du teksten handlar om?
3. Les tittelen.
4. Har de lese ei bok om dette før, sett ein film om temaet eller vore med på noko liknande?
5. Kva slag tekst trur de dette er? Er det ei forteljing eller ein faktatekst?
6. Kven trur du teksten handlar om?

Å stille spørsmål til teksten-brua

Lærer modellerer strategien *å stille gode spørsmål til teksten* ved først å snakke med elevane om kva dei trur teksten handlar om, før elevane formulerer eit spørsmål som dei kan stille til teksten. Svaret på spørsmålet finn elevane ofte ikkje direkte i teksten, og dei vil lese vidare for å leite etter svaret.

Forslag til gode arbeidsmåtar:

1. Sjå på tittel, overskrifter og bilete i teksten.
2. Kva trur du teksten handlar om?
3. Les den første setninga i dette avsnittet (eller kapittelet). Skriv ned eit spørsmål.
4. Les om igjen det du har lese i dag.
5. Kan du svare på spørsmålet du stilte?
6. Fann du svaret i teksten?
7. Viss du fann fram til svaret, diskuter det i gruppa di.

For å gjere elevane bevisste på strategiane kan lærar stille spørsmål til elevane:

- Vart det enklare å forstå teksten når vi las den fleire gonger?
- Vart det enklare å forstå kva teksten handlar om når du stilte spørsmål til teksten?

Å summere opp teksten-brua

Når lærar summerer opp ein tekst i lag med elevane, løftar han fram viktige ord i teksten, strekar under fakta i teksten, lagar setningar og les høgt – med innleving – det som elevane har skrive ned.

Forslag til gode arbeidsmåtar:


1. Les teksten.
2. Strek under orda som har mest å seie for meininga i teksten.
3. Strek under 2–3 faktaord eller delar i teksten som er viktige for innhaldet. Her bør dei 2–3 orda du strekar under, vere i forskjellige setningar.
4. Les setningane og orda de har streka under, i lag, som ei oppsummering.
5. Skriv samandraget og legg til ord som manglar.

For å gjere elevane bevisste på strategiane kan lærar stille spørsmål:

- Vart det enklare å forstå teksten når vi fann viktige ord?
- Vart det enklare å forstå teksten når vi laga oppsummering?

Nedanfor ser du to tekstar som du kan nytte som del av oppfølgingsarbeidet i klasserommet etter prøva. Tekstane er skrivne av Bjørn Arild Ersland og illustrerte av Kristoffer Kjølbørg.

Etter tekstane følgjer nokre døme på bruk av *Bruer inn i teksten*-korta i klasserommet. For å kome i gang kan du prøve ut det som blir gjort i døma, men seinare brukar du korta på nye tekstar, og utvidar repertoaret ditt av spørsmål. (Sjå eige dokument, case 1–3).



Hoggormen likar farleg mat

Hoggormen et mus.
Han har gift i tennene.
Hoggormen sprutar gift inn i musa.

Musa har også skarpe tenner.
Hoggormen kan døyr av eit musebit.

Hoggormen må snike seg bort til musa.
Hoggormen bit.
Musa blir redd.
Ho spring for å gøyme seg.
Men no er det for seint.
Musa toler ikkje gifta.
Hoggormen finn den døde musa.

Hoggormen kan ikkje tygge.
Han sluker heile musa.
Nokre gongar går det heilt gale.
Musa er for stor.
Musa set seg fast i halsen.
Hoggormen mister pusten.
Då døyr hoggormen også.

Det kan vere slitsamt å ete.
Spesielt for ein hoggorm.
Men som regel går det heilt fint.

